

Årsmøte I Naustdal jakt og fiskelag sone 4.

Årsmøtet vart halde i Instedalen skule 18 februar 2010 kl 20.00.

Desse møtte: Sverre Stenberg, Andreas Sørebo, Atle Nes, Kjell Arne Teigen, Gudmund Eimhjellen, Olav Svoen, Marius Nes, Ståle Fimland, Narve Fimland, Normund Svoen, Olav R Fimland, Petter Fimland, Kjell Klopstad.

Sak 1 Val av møteleiar.

Leiar Sverre Stenberg vart vald

Sak 2 Val av skrivar.

Kjell Klopstad vart vald

Sak 3 Årsmelding.

Det har ikkje vore halde årsmøte for åra 2006, 2007 og 2008. Det vart lagt fram melding for alle desse åra. Vidare vart det lagt fram årsmelding for 2009.

Alle vart samrøystes vedtekne.

Sak 4 Rekneskap for åra 2006,2007,2008 og 2009.

Rekneskapane var revidert og vart framlagt av kasserar Olav R Fimland.

Samrøystes vedtekne.

Sak 4 Rusefiske i Vonavatnet.

Rusefiske har ikkje vore gjort i 2008 og 2009. Det var stor semje om å ta dette fiske oppatt. Styret får i oppdrag å setje opp vaktliste, og det vert teke sikte på å setje ut rusa først i august. Det er viktig at så mange som råd er møter opp til dette.

Det vart vidare vedteke å kjøpe ein påhengsmotor til laget sin båt.

Sak 5 Freding av småvilt ?

Småviltbestanden har over fleire år vore på eit lågmål. Alle som hadde ordet var positive til å innføre fredningstiltak. Det vart vedteke å ta kontakt med aktuelle lag/grunneigarar i nabokommunar med sikte på å få i gang ein prosess på viltfremjande tiltak.

Sak 6 Landskapsvernområdet

Kommunen har halde 2 møte med grunneigarane. Første møtet galdt generell informasjon. Det andre hadde som tema å setje opp ei liste over ulike tiltak som kan setjast i verk i kraft av ekstraordinære midlar som er tilført.

I regi av Fylkesmannen er arbeid med utarbeiding av vernereglar kome i gang.

Det er grunn til å tru at laget framover vil bli ein viktig part i saker som gjeld landskapsverneområdet.

Sak 7 Endring av namn på laget ?

Det har kome fram synspunkt på å endre namnet til å vere meir dekkande i høve til lagsarbeidet. Ei vanleg lagsnemning har blitt "utmarkslag"

Det kom forslag på Instedalen Utmarkslag og Øvre Naustdal Utmarkslag,

Årsmøtet fann å ikkje fatte vedtak all den tid det ikkje var gjort kjent for alle medlemar på førehand, og sett opp som avgjerdsak til årsmøtet. Det var likevel semje om naneendring, og styret får i oppdrag å legge fram forslag om namneendring til "Øvre Naustdal Utmarkslag" til avgjerd for neste årsmøte

Sak 8 Val

Sverre Stenberg har sagt frå seg attval.

Val av ny formann:

Normund Svoen vart samrøystes vald

Val av styremedlemer:

Olav R Fimland, attval for eitt år

Kjell Klopstad, attval for eitt år

Odd Vonen, attval for to år

Petter Fimland, attval for to år

Valnemnd: Andreas Sørebo og Ståle Fimland. Sørebo kallar saman.

Val av revisorar: Olav Svoen og Ingvar Svorstøl, attval

Alle val var samrøystes.

Sak 9 Eventuelt

Det låg føre søknad frå Røde Kors og Skigruppa i Instedalen om snøskooterkøyring.

Laget har ikkje formell kompetanse til å fatte vedtak i saker der kvar grunneigar har mynde over sin grunn. Årsmøtet meiner det likevel er rett at laget gjev uttale. Styret får fullmakt til dette.

Det vart elles synt bilete frå rusefiske i Vonavatnet av Normund Svoen og Olav R Fimland

Ref: K.Klopstad